



Davy Espetvedt  
Ådlandsvegen 529  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3131 - 14/11072

Saksbehandlar:  
Hans Kristian Dolmen  
HansKristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:  
07.07.2014

## gnr 40 bnr 8 - Vedrørende søknad om jordtipp - Espetvedt

Me syner til tidlegare handsaming av dykkar søknad, kommunalt vedtak, klage og seinare oppheving av vedtak gjort av Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen i Hordaland delar ikkje kommunen si oppfatning om tiltaket sitt omfang i høve til planstatus. Det tyder at tiltaket slik det er skildra er det i tråd med planføremålet LNF. Det er framleis ein pågåande diskusjon om dette temaet når det gjeld omfang, storleik og planstatus. Kommunen må eventuelt konkludere med at tiltaket «*kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn*» og krevje reguleringsplan , jf plan- og bygningslova (pbl) § 12-1, 3.ledd. Me meiner me ikkje er på eit slikt nivå i høve til dykkar søknad.

Med ein slik konklusjon i høve til planstatus kan dykkar søknad fremjast for handsaming som ein byggjesak om vesentleg terrenginngrep, jf pbl § 20-1, 1.ledd, bokst. k). Da må og «*søknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak (..) forestås av foretak med ansvarsrett*», jf pbl § 20-1, 2. ledd.

Dersom dykk ønskjer å ta søknaden vidare er det moglegvis naudsynt med ein gjennomgang av det materialet (kart, profil, skildring mm) som tidlegare har vore sendt inn. Ta kontakt med underteikna eller fagansvarleg for byggjesak for gjennomgang. Dersom saka skal avsluttast og tiltaket ikkje lenger er aktuelt for gjennomføring ber me om melding attende.

Med helsing

Hans Kristian Dolmen  
arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)